

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 2

Påska 2020

Årgang 86 år




Veit du at sommarfuglen er eit symbol som vert brukt i kristendommen?

Les meir side 3.



**Støtt  
fasteaksjonen**  
S. 2



**Påskeforteljinga for  
små og store**  
S. 6-7



**Måneskin på  
høgløys dag**  
S. 8-10



**Godheitsfestival i Fusa  
16.-19. april**  
S. 11



**Walk and Run  
6. juni 2020**  
S. 16

## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Fung. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

### PRIVATE TELEFONAR

#### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

#### Fung. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

#### Trusopplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

#### Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

#### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

#### Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

#### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

#### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

#### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

#### Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

#### REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

Fasteaksjonen 29.-31. mars 2020:

## GI EIT LIV MED VATN

**I dag lever eitt av ni menneske i verda utan tilgang til reint vatn. Reint vatn reddar liv. Reint vatn forandrar liv. Saman forandrar vi verda, eitt liv om gongen.**

Fasteaksjonen engasjerer over 40 000 bøsseberarar i heile landet og er den nest største innsamlingsaksjonen i Noreg. I 2019 samla aksjonen inn over 32 millionar kroner til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

### Reint vatn i Etiopia

10 år gamle Kila bur i landsbyen Beseko, cirka fem timar sør for hovudstaden i Etiopia. Ho elskar å springa. Det gjer henne lukkeleg, fortel ho. Men ho spring ikkje berre for moro skuld.

Manglar dei vatn på garden der ho bur, er det Kila som ordnar opp. Ho bur saman med besteforeldre, mor, to brør og ei syster i eit hus bygd av leire, høy og trepinnar. Dei har ein maisåker, avokadotre, falske banantre og eukalyptustre. Dei har kyr som gir dei mjølk, oksar som hjelper dei i åkeren og eit esel som hjelper dei med å bera.

Kvar dag hentar Kila reint vatn ved vass-stasjonen i landsbyen. Vatnet kjem frå den 120 meter djupe brønnen dei fekk frå Kirkens Nødhjelp i fjor. Før forlet folk landsbyen

på grunn av sjukdommar dei fekk frå det ureine vatnet. No ser Kila på framtida med håp. Ho gler seg over kvar dag ho er frisk og kan gå på skulen, samtidig som ho arbeider på garden.

### Hjelp oss å hjelpe!

Pengane frå Fasteaksjonen gjer det mogleg å endra liv. Unge jenter treng ikkje lenger bruka fleire timar dagleg for å henta skittent vatn frå vasskjelder dei deler med dyra. Folk held seg friske, kan arbeida og gå på skulen.

For at Kirkens Nødhjelp skal kunna hjelpe endå fleire til å få reint vatn, slik som Kila og landsbyen hennar, treng KN hjelp. Også i år skal frivillige over heile Noreg vera med på å samla inn pengar til brønnborring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda. Du kan òg bidra når konfirmantane og andre frivillige i kyrkjelydane i Bjørnafjorden i tidsrommet 29.-31. mars kjem rundt på dørene med innsamlingsbøsser. Ta vel imot bøsseberarane!

For 200 kroner kan du gje eitt menneske tilgang til reint vatn resten av livet. Støtt Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon 29.-31. mars med kontantar, Vipps til 2426, eller send SMSVANN til 2426 (200,-).



Kila hentar reint vatn på vass-stasjonen i landsbyen i Etiopia kvar dag (Foto: Kirkens Nødhjelp).



# Kor e' den GULE sommarfuglen?

Av Anette-Emilie Tøndel

I desse dagar når vinterfrossten slepp taket og sola igjen varmar kalde kinn, vandrar blikket mitt etter den vakre, vesle, gule sommarfuglen. Kanskje har du sett ein allereie, eller den dukkar opp om nokre veker på ein rusletur i flotte Bjørnafjorden kommune?

Den gule vakre sommarfuglen er for så mange av oss, det skjøre vakre teiknet på våren. Ein stor kontrast til snøen som dalar overraskande ned over oss på vårdagar der vi ikkje ventar det. Våren som er tida då livet eksploderer rundt oss. Blåveis og kvitveis dekker jorda i staden for snøen. Krokus og påskeliljer kikk fram i krukker og småbed. Det er som om den lange kalde vinter med dei mørke dagar er gløymt, alt regnet som har skylt over oss denne vinterten, og vi kan endeleg nyte den varme solrike tida som er framfor oss.

Det er pussig kor lett vi menneske har for å gløyme kalde mørke dagar når vi endeleg er omfamna av varme og ljøs igjen. Som eit vindpust er dei borte, fóre forbi som dagen i går. Varmen og ljuset kan nesten virka som eit viskelær som tar det bort. Gløymt er mørke. Håpet strålar i kapp med dei lengre dagane om å gi oss lyset inn i vårtida og sommaren som står i kø.

Tenk om vi kunne hugse på dette når vi står framfor nye mørke dagar – når utfordringar i livet bankar på døra? Anten som ei krise, sorg og tap av nære rundt seg, tap av arbeid og helse, eller kvardagslege utfordringar som for eksempel å velje mellom alle dei tilbod som ligg der å ropar på vår merksemd på nettet, Tv, aviser, appar osv.

Tilbake til den skjøre sommarfuglen. Den lærar oss noko om livets gang for oss menneske.



For akkurat som sommarfuglen må døy som ei larve for å kunne oppstå til ein vakker sommarfugl, slik utfordrast vi til å la noko døy. Kva kan eg la døy for å gi rom for nytt liv? Kanskje må våre prioriteringar endrast for at noko anna skal vekse fram. Kanskje må vi stå stille i smerten ei stund. For å oppdage det nye som spirer fram. Vågar vi det?

Eg veit ikkje korleis det var for Jesus før han gjekk inn i påskedagane som vi straks skal feira. Han visste det venta dagar som var full av smerte. Men Jesus måtte ikkje berre la noko døy, men han sjølv måtte døy for at vi skulle få evig liv. Han gav sjølv livet i gåve for alle menneske. Det er dette vi feirar kvar påske her i Noreg. Jesus gav oss livet tilbake og vi får bli Guds barn ved trua på Jesus. Han er ljuset som kom og dreiv bort mørke.

Livet som kristne har likefullt dagar av ljøs og mørke, men vi får vandre livet saman med Jesus i både mørke og ljøs, med tryggleiken i at han er med oss alle dagar.

I kyrkja er sommarfuglen symbolet på at Jesus stod opp frå dei døde og

at Gud gir oss nytt liv. Den utfordrar oss når vi vel å la noko døy, og samtidig så ber vi også med oss håpet om nytt liv, slik sommarfuglen oppstår til nytt liv. Og kanskje treng vi å minnast at det er først etter smerten og mørke at Jesus verkeleg kjente det nye livets store seier; oppstandelsen frå dei døde, og seier der han vant menneska tilbake til Guds famn. Jesus er vårt store håp, sommarfuglen som oppstod for alle menneske.

Anette-Emilie Tøndel er busett på Samnøy og er kapellan i Fana kirke.

## Finst motivet frå altertavla i Fusa i andre kyrkjer?



Hugs skattejakt på motivet «Kvinnen ved brønnen» når du besøker kyrkjer i inn- og utland! Ta bilete, og send til [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

Fusa sokneråd



# Velkommen til påskevandring

Dagane frå palmesundag til 2. påskedag femner det meste i livet og trua vår. I Fusa femner dei også bygdene, ved at påskefeiringa er lagt opp som ei vandring frå kyrkje til kyrkje kring heile soknet. Ved å krysse dei gamle kringsgrensene får vi såleis del i fullnaden i denne viktigaste veka i kyrkjeåret. Samstundes får vi oppleve desse unike kyrkjebygga, med kvar sitt særpreg, som vi har i vår del av kommunen. Velkomen til påskevandring!

Tekst: Iman de Zwarte



## **PALMESUNDAG: Ein annleis konge.**

**Sundvor kyrkje, 5. april kl. 11**

Palmesundag feirar vi til minne om Jesu inntog i Jerusalem, der han vart møtt av jublande folkemengder, som hylla han som den nye kongen. Snart skulle det gjennom Jesu lidning og død vise seg at dette var ein annleis konge. Som ikkje herska med makt og mynde, men med kjærleik og ved å gje seg sjølv til menneska. Tradisjonen tru vert det familiegudsteneste denne dagen.



## **SKJÆRTORSDAG: Måltidet til liv og fellesskap.**

**Sævareid kapell, 9. april kl. 19**

Skjærtorsdag feirar vi til minne om at Jesus samla sine til det siste påskemåltidet, der han innstifta nattverden. Når vi samlast i Sævareid kapell denne kvelden, vil vi såleis både minnast og feire nattverden. Vi gjer det med glede og takk, for den nåden som her vert gjeven oss på handfast vis, i brød og vin. Men og med alvor og ettertanke, fordi vi er på veg mot langfredagen som minner oss om kor kostesam nattverdgåva er.

### **GÅVER til Fusa sokneråd gir skattefrådrag**

Fleire enkeltpersonar og soknerådet har oppmoda oss om å skrive om gåver og skattefrådrag. Gåver til Fusa sokneråd gir rett til skattefrådrag. I løpet av eit kalenderår mottok Fusa sokneråd mange gåver til barne- og ungdomsarbeid, til brannskadde born i Etiopia, til kyrkjelydsarbeid, til kyrkjene våre og til andre føremål som kyrkjelyden driv. Gåver som utgjer meir enn kr.500,- får ein skattefrådrag for. Dette vert registrert hos oss. De som betaler gåver som utgjer meir enn kr.500,- får i januar månad påfølgjande år melding om kor stort det beløpet er, og det vert frå vår side også rapportert til skattemyndighetene slik at frådraget vert registrert der. I løpet av eit år kan ein få skattefrådrag for innbetalingar til lag/organisasjonar på til saman inntil kr.50.000,-. Ta gjerne kontakt med oss om nokon har spørsmål om dette.

### **BLI MED PÅ FRILUFTS-GUDSTENESTENE IVÅR!**

**2. påskedag kl. 12**

Hafskorvatnet (Havsgårdvatnet)

**Kristi Himmelfartsdag kl. 12**

Vodlen, Baldersheim

**2. pinsedag kl. 12**

Vinnesholmen



# ng i Fusa - I LIV OG TRU



## LANGFREDAG: Livgjevande lidning.

**Strandvik kyrkje, 10. april kl. 11**

Langfredag er Jesu krossfestings- og lidingsdag. Vi samlast til ei stillferdig gudsteneste, då vi minnest kva Jesus var viljug til å gå gjennom for vår skuld. Dette er likevel ikkje berre ein sørjedag. Den engelske nemninga for langfredagen, "Good friday" – den gode fredagen – minner oss om at dette også er takksemnda sin dag.

Kyrkjekoret vil framføre nokre satsar frå Pergolesi sitt kjente verk, «Stabat mater». Teksten vert framført på norsk. Den var opphavleg dansk og laga til bruk med musikken av Pergolesi. I Norge har teksten vorte kjent som salmen «Naglet til et kors på jorden».



## PÅSKENATT: Lyset for verda bryt fram!

**Hålandsdal kyrkje, laurdag 11. april kl. 23**

Påskenatt markerer overgangen frå døden sitt mørker til livsens lys, - for Jesus og for oss. Etter gamal kyrkjeleg skikk feirar vi difor denne natta med lystenning og stillferdig jubel. Den særprega liturgien for påskenatt knyter påskelyset til dåpslyset. Den spesielle gudstenesta i Hålandsdal på påskeaftan vert prega av den rike lys-symbolikken og ein fargerik liturgi som går attende til den fyrste kristne tida.



## PÅSKEDAG: Sigersfesten!

**Fusa kyrkje, søndag 12. april kl. 11**

Påskedagen er Jesu oppstodedag, då vi feirar at Jesu sigra over synd og død for oss. Difor er dette den største dagen i kyrkjeåret, og opphavet til all kristen tru og gudstenestefeiring. Såleis feirar vi denne dagen med stor glede og mykje festivitas der festmusikk (m.a. ved Aksel H. Holdhus på trompet) og festsong vil prege gudstenesta.



Skardsnuten 2. påskedag 2019.

## BLADPENGAR Fusa kyrkjeblad

Takk til alle som betaler bladpengar i 2020. Det er bladpengane saman med annonseinntektene som gjer at vi kan gi ut kyrkjebladet i Fusa seks gongar i året og i fargar. Vi hadde om lag balanse i 2019, og vonar at de også i 2020 er med og gir bladpengar, og nyttar vedlagte giro. Du kan også betale direkte til gavekonto 3530 25 86215 eller Vipps til Fusa sokn - #90436.

Bladpengar i 2020 er sett til kr.250,- for folk busette i Fusa og kr.350,- for utanbygds.

På førehand – TAKK 😊



Fusa sokneråd




# Den kristne påskeforteljinga FOR SMÅ OG STORE



## Innleiing

Då Jesus blei voksen reiste han rundt saman med dei 12 læresveinane sine og fortalde alle menneska dei møtte om Gud. Jesus var ein snill mann som hjalp dei fattige og sjuke.

Han fekk mange venner, men også nokre uvenner. Det var nokre leiarar i landet som ikkje likte at folk ville høyre meir på Jesus enn på dei. Dei var redd for at Jesus skulle få for stor makt.



## Palmesøndag


Ein søndag før påske reiste Jesus og læresveinane hans til Jerusalem for å feire høgtida.

Han ba to av læresveinane om å finne eit esel til han. Jesus sette seg på eselet og rei inn til Jerusalem. Der ble han helsa som ein konge. Dei ropa "Hosianna, hosianna, Kongen vår er er kommen." Dei vifta med palmegreiner så store som flagg. (Hosianna betyr om lag det same som hurra.)



## Skjærtorsdag – den kristne nattverden vert innført


Denne kvelden samla Jesus læresveinane for at dei skulle få ete påskemåltid saman. På den tida var det vanleg å vaske føtene før dei gjekk inn. Det var fordi dei gjekk barbeint eller i sandalar, og då blei føtene veldig skitne. Ved døra til huset vaska Jesus føtene til alle læresveinane sine. Dette gjorde han for å vise at alle må hjelpe kvarandre. Då dei sat og åt fortalde Jesus at dette var siste gongen dei ville vere samla. "No er det ikkje lenge til eg blir teken til fange og må døy", sa han. Han fortalte og at han visste at ein av læresveinane kom til å hjelpe soldatane med å angi han. Judas, ein av læresveinane til Jesus, var sint på han. Han var sint fordi han trudde at Jesus skulle bli ein rik og mektig konge. For då ville han få bu i slottet med Jesus og nyte godt av det. Når han forsto at Jesus ikkje brydde seg om pengar og makt, fortalde han soldatane kor dei kunne finne Jesus. Han fekk 30 sølvengar for det. Etter måltidet var det seint på kvelden. Jesus tok læresveinane med seg til ein hage. Der ba Jesus ei bøn til Gud. Judas førte soldatane til hagen og viste dei kor Jesus var. Jesus visste at Judas kom til å gjere dette, så han følgde frivillig med soldatane.



## Langfredag – forhøyr, dom, korsfesting og gravferd


Jesus forsto at han skulle døy. Gud hadde planlagt dette for lenge sidan. Alleie då Jesus kom til jorda visste han at dette ville skje. Han ble født for å ta all straff for alt det gale vi menneska hadde gjort og vil gjere. Og no var tida kommen, soldatane førte Jesus til leiarane deira. Dei trudde ikkje at Jesus var Guds sin son. Dei sa "Han må døy, fordi han kallar seg sjølv Guds son". Dei spikra Jesus til korset på ein stad som heiter Golgata. Her døyde Jesus. For ca. 2000 år sidan var dette ein vanleg måte å straffe forbrytarane på. Det var ein trist dag for Jesus sine læresveinar og alle vennene hans. Dei visste ikkje at Gud hadde planlagt ei vidunderleg overrasking for dei. Dei kom ikkje til å vere triste så lenge.





## Påskeafta – gravplassen blir vakta nøye

Etter at Jesus døydde la vennene han i ei berghole. Denne berghola fekk dei av ein mann som heitte Josef. Han ville at Guds sin son skulle få denne siste gåva av han. Dei rulla ein stor stein framfor opninga på hola. Leiaren sende to soldatar som skulle halde auge med gravplassen slik at ingen kunne komme og stjele kroppen til Jesus.



## Første påskedag – påskemorgon

Tidleg søndagsmorgon kom det eit jordskjelv. Ein engel kom ned frå himmelen og rulla vekk steinen som sto framfor opninga til grava. Då vaktene såg engelen, skalv dei av skrekk og sprang av stad. Litt seinere kom ein av Jesus sine venner, Maria Magdalena. Då hun såg at steinen var borte gjekk ho inn i hola. Inne i hola såg ho ein engel som sa, "Jesus er ikkje her, han lever! Gå og fortel alle vennene hans at dei vil få sjå han igjen!" Maria var ikkje lei seg lenger. Jesus var ikkje død. Han var i live! Ho sprang tilbake for å fortelje den fantastiske nyheten.



## Andre påskedag – Jesus viser seg for læresveinane sine

Først ville ingen av læresveinane til Jesus tru dette. Men ho hadde rett! Jesus kom tilbake for å møte dei. Han hadde verkeleg stått opp frå dei døde!



## Kristi Himmelfartsdag

Førti dagar etter tok Jesus læresveinane sine til ein plass i nærleiken av eit stort fjell. Han løfta handa og velsigna dei. "Fortel alle menneska om meg", sa han. Så reiste han opp til himmelen igjen. Denne dagen kallar vi Kristi himmelfartsdag. Ei sky dekte over han slik at dei ikkje kunne sjå han lenger. Dei blei ståande å sjå opp mot himmelen ei lang stund. Plutseleg sto to engler mellom dei. "Kvifor står de framleis og ser opp mot skyene?" spurde dei. "Jesus har reist opp til himmelen. Ein dag vil han komme tilbake same vegen som han drog frå dykk». Då gjekk læresveinane til Jesus tilbake til byen med glede i hjartet. Jesus hadde lært dei mange ting. Dei ville alltid hugse at han sa: "Ver ikkje bekymra eller redde. Stol på Gud og stol på meg. I Guds hus er det mange rom. Eg vil gjere ein plass klar for deg. Ein dag vil eg komme tilbake og ta deg med meg slik at også du kan få vere der eg er».

(Artikkelen er henta frå [morsmal.no](http://morsmal.no) og omsett til nynorsk)

### PÅSKETIPS:

Ein god påskefilm for born, gjerne saman med vaksne, om Jesus sitt liv ved påske kan de finne på [superblink.no](http://superblink.no). Der er også fleire andre flotte filmar.



# Måneskin på høglys dag!

**Kyrkjebladet har teke turen til Ernst Ove Indrebø og Anne Gramstad, dei bur på Indrebø i Hålandsdalen. Me synes dei fortener ein presentasjon, fordi dei er aktive på mange felt, dei har mange jern i elden.**

Tekst: Ole Bjørn Eikeland

Dei er dyrlegepar, han med jobb i mattilsynet. Ho driv smådyrklinikk, det er fulltidsjobb fortel ho.

Dei har to gutar, 15 og 17 år gamle. Dessutan eig dei eit småbruk med om lag 20 vinterfora sauer, fjordhesten Måneskin, som er vallak, to hundar av rasen flatcoated retriever, og ein katt.

Ernst Ove er innfødd og ekte hålandsdøl, Anne er innflyttar frå Haugesund, det kan me høyre på den klingande dialekten. Men ho har budd ulike stadar, så Haugesund er litt upresist, presiserer ho.

Begge er aktive i kyrkja/bedehus og i politikk. Med dyra, gardsbruket, hund, på tur på fjellet, Fusa på kryss og tvers for å nemne noko. Ernst Ove er ihuga Liverpool og Brann supportar, fortel han med eit lurt smil.

## **Kvifor hest?**

Hesten er eit fantastisk dyr. Barn og ungdom har i fritida masse glede av hesten, og dei lærer og å ta ansvar. Hesten skal ha mat og stell. Anne er vaksen opp med hest. Ho fortel at ho dreiv med konkurranseriding på fjordhest, heilt fram til 30 års alder. Sløyfer og pokalar har ho, men ikkje så veldig synleg i huset. Hesten er frå naturen si side eit byttedyr, det betyr at viss han blir skremt, ligg det i instinktet å flykte heller enn å ta opp kamp. Difor ynskjer han å ha ein trygg leiar som han kan knytte seg til, dette gjer at me kan dressere eit så stort dyr. Dessutan er han flokkdyr, likar seg ikkje heilt aleine, men kan gjerne akseptere sauene på gården som ein del av flokken.

## **Men har de også kjepphestar?**

Ha, ha, det har me! Det første Anne kjem på er innafor yrket vårt: Me tenkjer at kastrering og chipping av kattar burde bli obligatorisk. Me har mange flinke katteeigarar, men nokre katteeigarar gir blaffen, og det kan gi opphav til store problem med forvilla tamkatt. Me ønskjer ikkje villkattpopulasjon i dette landet.

Begge presiserer at det er svært givande å ha dyr, men ikkje ein menneskerett. Å eige dyr, det kostar pengar og tid.

## **Så blir det temaskifte, frå dyr til menneske! De har born i skulealder. Kva tenkjer de om den norske skulen, er den bra?**

Den norske skulen er ein god skule! Me må svare ut frå våre erfaringar, det er at VGS i Fusa er veldig bra. John Sigved går på KDA der og har det bra. Lærarane er svært opptatt av miljø, og gjer alt for å hindre mobbing. Tarjei går på den nye ungdomsskulen, i 10 klassen og er også fornøgd.

## **Alle snakkar om klima. Er det tema i dåkas heim? Klimamål, Symbolpolitikk?**

Ja, det er tema, me er absolutt opptatt av det. Spørsmålet er i kor stor grad me her kan gjere nokon forskjell. Når ein legg skuld over på beitedyr, avsporer debatten. Det er klart at beitedyr produserer klimagassar. Men poenget er at dette utsleppet har naturlege mekanismar som atmosfæren har teke seg av i alle år, utan at klimaet er vorte endra. Det som er problemet i vår tid er at vi tømmer grunnen for gass og olje. På denne måten vert karbon som ikkje har vore med i kretsløpet på 10000-vis av år sleppt ut i atmosfæren på kort tid, og dette taklar ikkje atmosfæren. Klart det er ein god idè med kortreist mat, å utnytte dei lokale ressursane. Men me kan ikkje dyrke avo-

kado eller bønner på Kjerringafjellet, der er kun sau som kan lage gras til menneskemat. Graset der vil rotne og danne CO<sub>2</sub> uansett. Så betre forståing av samanhengar i naturen, det er viktig.

## **Bør borna vere litt engstelege for framtida?**

Nei, dei må sjå optimistisk på framtida, elles kan me legge ned alt. Som kristne må me tru at Gud har kontroll uansett. Likevel har me fått ansvaret å vera forvaltarar av skaparverket. Dette må me ta på alvor.

Det er mykje som er skremmande, men det har det alltid vore. Tenk på ozonlag og skogsdød for nokre tiår sidan, eller atomtrusselen på 60 talet. Ja, me har jo løyst nokre store miljøproblem tidlegere, så me må vere optimistiske. Som skapningar har me gjort noko bra, faktisk.

## **Kvifor er de begge aktive i kyrkjelyden?**

Ernst Ove og Anne fortel: Engasjement er jo eit resultat av ein er kristen. Fordi vi trur at det i Bibelen er sant, så vil vi prøve å få andre med oss. I Fusa har me vore velsigna med gode prestar, det er ikkje sjølvsgt. Alfakurs er er eit veldig bra tiltak. I år er me begge gruppeleiarar, det er givande å vere med på, me lærer noko nytt sjølv også. Der er det fellesskap, ein står saman om noko. Me vil også oppfordre folk til bønegruppene, annakvar onsdag rundt i Fusa, bedehusa i kommunen. Den onsdagen det ikkje er Alfa er det bønnesamling.

Oppstarten av friluftsklubben Noah var eit resultat av at me såg det mangla eit tilbod i det kristne barne- og ungdomsarbeidet i den alderen våre gutar var på den tida. Det er viktig at barn og unge har ein fritidsaktivitet der dei òg får høyre frå Bibelen. Gutane våre var med i klubben til det året dei vart konfirmerte. I Noah møter jamnleg 12-15 gutar frå 5. – 8.





*Måneskinn saman med Anne og Ernst Ove.*

klasse. Vi har alltid ein kort andakt og bål. Elles fyller vi kvelden med aktivitetar som fiskeing, laging av turmat, klatring, aking, hundekøyring, turgåing o.s.v. Nett no har me hatt ein kveld der me har laga våre eigne fiskekrokar.

**Fusa kyrkjeblad sin utsendte har alltid hatt lyst å spørje ein dyrlege. Er dyra intelligente? Hund og katt og hest, har dei intelligens?**

Anne svarer engasjert: Javisst, dei er intelligente på sitt vis, men det

er klart at dei er ikkje i stand til å tenkje like avansert abstrakt som oss. Men dei har same kjensler som oss, t.d. glede, sorg, redsel, tryggleik, kjærleik og smerte. Dei lærer fort, og hugsar godt. Dei har og sansar som er betre utvikla enn våre, til dømes luktesans og hørsel. Kva lønner seg, og kva straffar seg? Du huskar sikkert betinga refleksar, som Pavlovs dyreforsøk lærte oss i psykologien. Dyra er aldri langsinte, dei er alltid like glade når me kjem heim til dei. Dyr er også ulike individ med ulik personlegdom. Av og til må me avlive dyr. Viss

dei blir så sjuke/skada at dei ikkje kan bli bra igjen, er det rett å gjere. Aktiv dødhjelp på menneske, derimot, er eg så absolutt i mot. Hundane våre er familiemedlemar, men me har tydelege grenser, ikkje i sofa eller i senga! Det kan bli problematisk både for dyr og menneske om dyra blir altfor menneskeleggjort. Eg opplever at dyra er ærlege og rett fram, dei lyg ikkje. Eg trur Gud er svært glad i dyr. Han skapte jo ein hage full av dei til Adam og Eva. Tenk deg himmelen utan dyr, det vil bli svært kjedelig!

Tilbake til forskjell på dyr og menneske. Bibelen seier at vi er skapt i Guds bilde, på toppen av skaparverket, sjølv om me anatomisk er svært like dyra, så er me ikkje dyr. Vi kan ikkje vite sikkert om dyra har gudsforhold, om dyra kan ha kontakt med Gud? For dyra er det ikkje noko syndefall, ingen behov for tilgjeving, ikkje behov for ein frelsar, nesten som nyfødt barn, tenkjer eg.

Og sjølv om vi har rett til å bestemme over dyra, har vi ikkje lov å behandle dei dårleg. Har du eit ansvar for noko, bør du vere ansvarset verdig. Me må behandle dyra med respekt, dei skal ha eit godt og verdig liv.



*Sauane på fjellbeite!*



## Dei fleste hundar i Noreg har det betre enn mange born rundt i verda. Er det eit etisk problem?

Det er eit etisk problem at barna ikkje har det bra, men dei får det ikkje betre om vi behandler dyra våre dårlegare. Me i den vestlege verda brukar enormt mykje pengar på oss sjølve. Det er eit tankekors, at vi brukar masse pengar og ressursar på oss sjølve. Jesus seier at me er salt i verda. Dette bør visast att når livet vårt vert sett utanfrå.

## Korleis kan kyrkja vere ein motkultur til forbrukssamfunnet?

Verda i dag er trender, alt går fortare, det som var in i går er ut i dag. Det kristne budskap er evig, frå æva til æva, det er ikkje ein trend. Gud er den same. Men dette er ei utfordring for oss i vesten, me er enormt materialistiske. Når til og med kroppen skal endrast frå år til år, bli det vanskeleg.

Og så er det alltid vanskeleg å prioritere. Kva er det viktigaste å snakke om? Den ballast vi skal gi vidare til borna er dette: Som foreldre er me glad i deg uansett kva du gjer, også Gud er glad i deg uansett kva du gjer. Det er viktig at foreldre og vener gjev denne bekreftinga og at dei ikkje vert avhengig av bekrefting i sosiale medier

*Oppsummert:* Det viktigaste for ungdom er å gi dei røter og vengjer!



Anne og Ernst Ove sin heim i vakre omgjevnader på Indrebø.

## Bibelord og Salme er obligatorisk!

Til påske må me ikkje gløyme Esaias 53, 5, det er det viktigaste i påskebudskapet. «Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte».

Dessutan dette: “Kom til meg alle de som har tungt å bera, eg vil gi dykk kvile”, det å kunne legge ting frå seg, som ein sjø, der du kan kaste alt uti, ved sjøen står eit skilt: Fisking forbode.

## Kva gjer familien i påska?

Som folk flest går me gjerne på ski og til fjells, men mest er me nok heime for å passe sau, lemmingstid veit du. Me prøver å få med oss fleire gudstenester rundt om i Fusa. Men me vil særleg reklamere for gudsteneste i Eide kyrkje, klokka 23 påskeafta. Det er svært stemningsfullt, og symbolise-

rer veldig at Jesus går frå mørke til lys, me unnar alle å vere med på dette.

Vår kjæraste påskesalme? Det må bli “Deg være ære “

Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se en engel kom,  
åpnet den stengte graven. Jesu grav er tom!  
*Omkved*

Deg være ære Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Se, Herren lever! Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris han alle tunger, Kristus Herre er!  
*Omkved*

Deg være ære Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det. Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei,  
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.  
*Omkved*

Deg være ære Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**

**SVENN C. STORUM**

951 56 327 storum@fusi.no

**Malerfirma**  
**Kenneth Samnøen**  
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

**HERBALIFE**  
**ERNÆRING**  
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!  
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelse.

Ring: 924 94 169  
SIGNE GANGSTØ  
E-post: famgang@fusi.no  
www.signeg.goherbalife.com/nn-no



# GODHEIT



16. – 19. APRIL

## Fusa godheitsfestival

### *Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda!*

Visjonen har utgangspunkt i Jesus. Eit av dei tydelagste kjenneteikna på Jesu liv var godheit. Vitnesbyrdet om han i Apostelgjerningane 10,38 er nettopp dette:

*Jesus frå Nasaret vart salva av Gud med Den heilage ande og kraft, og (...) gjekk omkring og gjorde vel...* (Apg 10, 38)

Vi trur at godheita ikkje berre var tenkt til å vera eit kjenneteikn med læresveinane og den første kyrkja, men også ved kyrkja i dag. Det er utgangspunktet for starten av Godheit og mottoet vårt er: "Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda".

16-19. april set vi av tid for å hjelpa menneske med alt i frå små vedlikehaldsoppgåver i heimen til bilvask, helt utan agenda, **utelukkande for å visa godheit.**

For å få til ein godheitsfestival er me avhengige av å ha noko å gjera, og me oppmodar deg til å melda inn oppdrag! Alle kan melda inn oppdrag, vi har konfirmantar frå Sundvor til Strandvik som er klare til å gjera dugnad for alle som treng det.

Vi søker etter oppdrag som kan utførast og frivillige som vil hjelpa, ta kontakt med ungdomsarbeidar Stefan Høysæter Svendsen på 98421117 eller [ss759@kyrkja.no](mailto:ss759@kyrkja.no) **innan 1.april.**

**Tilbodet er heilt gratis**, vi stiller med utstyr og arbeidskraft!



Godheitsfestivalen vert avslutta med ei godheitsgudsteneste i Eikelandso- sen bedehus søndag 19.april, kl.11:00

*Bilete er frå godhetsdagen i 2019.*

### Har du arbeidsoppgåver til oss?

Ein rekke ungdomar og nokre vaksne ønskjer å gjere tenester for deg når godheitsfestivalen 16.-19. april gjennomførast i Fusa sokn.

**TA KONTAKT** med ungdomsarbeidar Stefan på tlf.98421117 eller på epost til [ss759@kyrkja.no](mailto:ss759@kyrkja.no).

Les meir i artikkelen!

### Nokre døme på oppdrag:

- Bilvask
- Reinska takrenner
- Plenklipping
- Hekketrim
- Hagestell
- Blomeplanting
- Vindaugsvask
- Malarbeid
- Rydding
- Enkelt vedlikehald i heimen
- Vasking av hus utvendig og innvendig
- Bosplukking
- Saging av tre
- Staka slukar
- Lyspæreskifting



**SPAR** 

**Fusa**

Man-fre **8-21**

Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!**

**ASVO Fusa AS**

www.asvofusa.no  
post@asvofusa.no  
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSOSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege prisar!



**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Hordaland A/S**  
**Rørteknikk**

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON  
Holsundveien 285, 5642 Holmefjord  
Telefon: 56 58 09 90 - E-post: [post@h-rt.no](mailto:post@h-rt.no)



**MALERMESTER**  
**ALF HJELLE & SØNN AS**



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE**  
**HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**  
E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD  
Telefon: 56 58 97 89  
Telefax: 56 58 97 82

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler – takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no) [www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)



**EIDE**  
Fjordbruk

1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60  
E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86  
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**M E C A**



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**  
Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)



# VELKOMENTIL VÅRDUGNAD PÅ GRAVPLASSANE I FUSA!

Tradisjonen med dugnad held fram, og vi håpar også i år at vi ser både «gamle og nye» ansikt på dugnadane våre. Ta gjerne med deg rive, piassavakost og evt spade, grapse, hagesaks og trillebår! Du har gjerne ikkje alt dette, ta med det du har! Vel møtt til nye og gamle dugnadsmedarbeidarar 😊.

## Fusa ny og gamle

(oppmøte på den gamle)

**Holdhus kyrkjegard**

**Sævareid kyrkjegard**

**Hålandsdalen kyrkjegard**

**Strandvik og Aakre**

**Baldersheim gravplass**

**Nordtveit og Hjartnes gravplass**

tysdag 28. april kl.18.00

tysdag 28. april kl.18.00

tysdag 28. april kl.18.00

tysdag 28. april kl.18.00

onsdag 6. mai kl.17.00

blir bestemt lokalt

blir bestemt lokalt



Dugnadsgjengen på Hjartnes 2019.

# Konfirmantar Fusa sokn 2020

## Sundvor kyrkje laurdag 2. mai kl. 11:00

Steffen Gjerdevik  
Hans Petter Gjørn  
Nikolai Nekrltiouk Gulholm  
Karl Ole Hauge-Breivik  
May Lene Bergesen Markhus

## Fusa kyrkje søndag 3. mai kl. 10:00

Isak Boge Bekken  
Jørgen Næss Boge  
Markus Hansen  
Kristian Næss  
Vilde-Sofie Næss  
Anders Samnøy  
Maria Skibenes  
Eline Boge Østvik

## Fusa kyrkje søndag 3. mai kl. 12:00

Birgitte Røssland Håvik  
Alexander Markhus  
Oliver Gjernes Riise  
Brynjar Jones Rød  
Vetle Røseth  
Vegard Solheim  
Håvard Langhelle Straumsnes  
Ole Strøm  
Ruben Lund Øksnes

## Hålandsdalen kyrkje laurdag 9. mai kl. 11:00

Marit Andrea Rød Håland  
Iselin Kolltveit  
Paul Filip Rød Lamp  
Eirik Arve Lister Midtrød  
Torstein Olderkjær  
Mia Ragnhildstveit  
Jennifer Madelen Samnøy

## Hålandsdalen kyrkje laurdag 9. mai kl. 13:00

Sarah Øygard Eide  
Sigrid Amelia Heidal  
Natalie Helland Markhus  
Karina Midtrød  
Ida Djupvik Nerhovde  
Even Djupvik Nerhovde  
Mathias Tombre

## Strandvik kyrkje søndag 10. mai kl. 11:00

Andrea Nicole Haukefær  
Mariell Solberg  
Daniel Sundvor  
Erica Tveit  
Hanna Sandven Øvrebotten

## Konfirmasjonsdatoar 2021

Laurdag 1. mai Strandvik kyrkje  
Søndag 2. mai Hålandsdalen kyrkje  
Laurdag 8. mai Fusa kyrkje  
Søndag 9. mai Sundvor kyrkje



## 50- og 60-årskonfirmantar i 2020

Vart du konfirmert i ein av kyrkjene våre i 1970 eller 1960? Ønskjer du å markere dette i løpet av året? Ta kontakt med Fusa kyrkjekontor så raskt som mogleg, tlf. 56580181, eller e-post til [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)



REISENE BESTILLER  
VI HOS:

# TRAVELNET

## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: os@travelnet.no  
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no  
www.solheimelektro.no



## Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.



Følg oss på facebook og instagram.



## SPAR

### Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

## BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no  
www.leiglandbygg.no

*Fusa og Samnanger*  
GRAVFERDSBYRÅ  
OMSORG VED LIVETS SLUTT  
DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09  
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside  
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør



5640 EIKELANDSSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest  
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

**VI ER HER**  
www.spv.no



## Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

**Alt i trykksaker**



# Gudstenester i Fusa sokn

22.03.2020 - 05.04.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Mars</b>				
22.03.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
22.03.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Familiiegudsteneste	Maria bodskapsdag
29.03.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i fastetida
29.03.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	4. søndag i fastetida
<b>April</b>				
05.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Familiiegudsteneste	Palmesundag
09.04.	11:00	Fusa bu- og behandlingssenter	Gudsteneste	Skjærtorsdag
09.04.	19:00	Sævareid kapell	Kveldsgudsteneste	Skjærtorsdag
10.04.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Langfredag
11.04.	23:00	Hålandsdalen kyrkje	Midnattsmesse	Påskeaftan
12.04.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. påskedag
13.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
19.04.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix – Barnas påskefest	2. søndag i påsketida
26.04.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i påsketida
26.04.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i påsketida
<b>Mai</b>				
02.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 3.s. i påsketida
03.05.	10:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4. søndag i påsketida
03.05.	12:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4. søndag i påsketida
09.05.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 4.s. i påsketida
09.05.	13:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 4.s. i påsketida
10.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	5. søndag i påsketida
17.05.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	17. mai-gudsteneste	17. mai
21.05.	12:00	Vollen, Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Kristi himmelfartsdag
24.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Sundag før pinsedag
24.05.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Sundag før pinsedag
31.05.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. pinsedag
<b>Juni</b>				
01.06.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
07.06.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssundagen
14.06.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2. søndag i treeiningstida

## Frå **KYRKJEBØKENE**



### *Dåp*

#### **Fusa kyrkje**

16.02.2020 Agnar Leander Lekven Skåtun  
16.02.2020 Kasper Næss Dale

#### **Hålandsdalen kyrkje**

23.02.2020 Amalie Herfindal-Ådland



### *Vigsel*

#### **Fusa kyrkje**

09.02.2020 Andreas Skeidsvoll og Solveig Sæther



### *Gravferd*

#### **Fusa kyrkje**

29.01.2020 Eldfrid Kristine Samnøy, f. 07.02.1928  
14.02.2020 Magnhild Aslaug Ådland, f. 04.09.1934

#### **Strandvik kyrkje**

31.01.2020 Margit Johanna Osebakken, f. 09.03.1916

#### **Sundvor kyrkje**

18.02.2020 Arvid Harald Tveit, f. 04.10.1947



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

**Alle i Fusa!!!!!!**

**MERK DATOEN 6. JUNI 2020 på din kalender allereie no - der brannskadde born i Etiopia skal stå i fokus! Kor mange barn kan vi vere med og gje ein ny start i livet? Bli med på folkefesten!**

# WALK AND RUN

i Eikelandsosen (Tusenårsplassen)

laurdag 6. juni 2020 kl. 12.30-15.00

## HJELP BRANNSKADDE BORN I ETIOPIA!



**12.30 Arrangementet starter**

**13.00 Fellesstart**

Detaljert program kjem i neste kyrkjeblad som kjem ut i slutten av mai måned!

Også denne gongen vil det bli underhaldning og overraskingar!



Det var stort engasjement under Walk and Run i 2018.

## ALLE KAN BLI MED!

Vi håpar at fusafolket finn vegen til Eikelandsosen og «Walk and Run» denne dagen! Her kan du gå eller løpe, du kan bruke rullestol, kan kome med stokk, du kan få ei arm å halde i – vi ønskjer å samle alle menneske med oss på Walk and Run denne dagen – om du er liten og sit i vogn, er eit større barn, ungdom, ung vaksen eller er 90 eller 100 år – alle er inviterte og kan bli med. Det viktigaste er at du er her! Det er to løyper; ei på 200 meter og ei på 500 meter. Du kan gå eller springe ein runde, eller mange rundar! Oppmøte på tusenårsplassen utanfor Fjord'n senter.

*Inntektene frå arrangementet går alt til hjelp til operasjon av brannskadde born i Etiopia. I mange afrikanske land er brannskadde born eit stort helseproblem då levande eld vert nytta både til matlaging og å halde varmen i heimane (hyttene) om kveld og natt!*

### Korleis skaffe inntekter?

1. Vi oppmodar alle om å skaffe seg sponsorar, det kan vere frå familie eller venner, eller frå bedrifter, lag og organisasjonar. **Ver frimodig!**
2. Andre kan delta med å betale ein startkontingent:  
Vaksne min kr. 100,-. Born min. kr. 50,-. Familiar min. kr. 300,-.

**MÅL:**

kr. 350.000,-  
Kan vi saman greie dette?

Så kan vi ha med oss dette i tankane: For kvar gong vi når summen kr. 10.000,- vil vi kunne hjelpe eit brannskadd born!

Det kjem meir informasjon i neste nummer av kyrkjebladet. Men set av datoen allereie no! Ver med og gjer dette til ein festdag 😊.